

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtested:** E-postmøte  
**Dato:** 25.05.2020  
**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til underteikna.  
Vararepresentanter deltek berre etter nærmere beskjed.

Med helsing

**Kari Sveen**  
nasjonalparkforvaltar



Jotunheimen  
nasjonalpark

Telefon: 61 26 62 03  
Mobil: 948 80 564  
E-post: [FMOPKSV@fylkesmannen.no](mailto:FMOPKSV@fylkesmannen.no)  
Web: [www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/](http://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/)

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 19/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Behov for styrke naturoppsyn i store verneområde og nasjonalparkar - sommaren 2020		2020/5905
ST 20/2020	Endring av forskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Høring		2020/5699

Arkivsaksnummer:	2020/5905-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	19.05.2020
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	19/2020	25.05.2020

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Behov for styrka naturoppsyn i store verneområde og nasjonalparkar - sommaren 2020

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret meiner at dei mest besøkte verneområda, som Jotunheimen og andre nasjonalparkar med kort reiseavstand frå dei store befolkningssentra i Sør-Noreg, må få ekstra ressursar til oppsyn i år. Dette fordi dei mest kjende nasjonalparkane tiltrekker seg meir besök, og har godt opparbeidde nett av merka turløyper som vil opplevast som eit trygt val for nye gjester som ikkje har erfaring med fotturar og telting frå før.

I slike område vil neppe omprioritering av ressursar vera tilstrekkeleg for å møte utfordringar med auka trafikk. Meir oppsyn i felt kan bidra til bedre informasjon om alternative turområde, og ein vil få registrert problemområde dersom det oppstår situasjonar med forsøpling og slitasje på særleg utsette område.

Nasjonalparkstyret vurderer behovet for forsterka oppsyn som særleg stort i områda rundt Gjende, der det er størst besøkstal. Gjendebu og Memurubu kan bli oppsamlingspunkt der det kan bli vanskeleg å vise folk vidare, sidan det er langt frå bilveg. Vidare vil sentrale knutepunkt på T-rutenettet, som Skogadalsbøen og Olavsbu, kanskje få opphoping av telting dersom folk følgjer dei vanlege dagsmarsjane mellom turisthyttene. Gjennom sesongen må forvaltninga og oppsynet i fellesskap følgje utviklinga, og vurdere kva oppfølging som trengst til kvar tid.

Målretta informasjon om sporlaus ferdsel bør vera eitt av tiltaka, for å kunne ønskje flest mogleg velkomne ut i naturen.

[--- slutt på innstilling ---](#)

### Dokument i saka

Brev av 14.05.20 frå Miljødirektoratet – vedlagt oppdragsskjema for utfylling.

### Saksopplysningar

Miljødirektoratet skriv i brev av 14.05.20 følgjande:

*Som et resultat av koronasituasjonen har vi registrert økt ferdsel i mange verneområder. På grunn av restriksjoner på utenlandsreiser vil nok nordmenn i stor grad feriere i Norge i år, og vi regner med enda større trykk på mange verneområder nå i sommermånedene. Dette er en tid på året som er sårbar for mange arter og naturtyper, og økt ferdsel kan derfor få store konsekvenser. Det kan være motorisert ferdsel på barmark, løse hunder, overholdelse av ferdelsforbud i sjøfuglområder, droneflyging, mye søppel osv.*

*Av den grunn vil det kanskje være nødvendig å øke tilsynet og tilstedeværelsen i flere verneområder. Vi ber derfor forvalningsstyrrene om å risikovurdere situasjonen i verneområdene de forvalter og å gi SNO en revidert oversikt over delområder i verneområdene det er behov for økt oppsyn i sommer. SNO på sin side vil forsøke å øke tilstedeværelsen i de delområdene som blir prioritert av dere, men må samtidig påpeke at en slik omprioritering vil kunne føre til mindre tilstedeværelse i andre deler av*

verneområdene denne sommeren.

SNO ber om tilbakemelding i vedlagt skjema innen 25. mai.»

Skjemaet viser eksempel på innmelding

Behov for styrket naturopsyn i verneområder		
Verneområde	Ufوردning for verneområdet	Tidsperiode med behov for styrket oppsynsinnsats
eks. Jutulhogget	Besøkende går ned i selve Jutulhogget. Fører til økt slitasje og utrasing av sti. Kun på vestsiden av verneområdet.	20. juni-1. juli.

DNT-hyttene krev førehandsbestilling i 2020, slik at det tradisjonelle prinsippet om at alle vil få tak over hovudet ikkje let seg praktisere i år. Ved ordinær drift har fleire av DNT-hyttene og Memurubu også eit tilbod om telting i nærområdet rundt bedrifta, der teltarar har fått tilgang til toalett, dusj og tørkerom mot ei mindre avgift. Men smitteverntiltaka krev at bedriftene har oversikt på alle gjester og at avstandskrava mot koronasmitte blir følgde. Derfor må alle bygg stengast for andre enn registrerte gjester. Når dette servicetilbodet ikkje kan oppretthaldast, må ein rekne med meir «villcamping» utan ordna toalettforhold og fare for forsøpling.

## Vurdering

Med restriksjonar på utanlandsreiser ser det ut som om fjellferie blir aktuelt for fleire i år. Ei undersøking utført av Ipsos viser at mange kan tenkje seg tur i Jotunheimen. Nordmenn over 18 år er spurt om kvar dei har planlagt å reise i sommar, og basert på undersøkinga har det kome presseoppslag om at nær 170.000 nordmenn ser for seg å ta turen til Besseggen, og 130.000 planlegg tur til Galdhøpiggen i 2020! Nå er det vel slik at ikkje alle gjennomfører alt dei har planar om i ei spørjeundersøking, men vi må likevel rekne med at svært mange nordmenn kjem hit i staden for å reise utanlands i år. Samtidig vil talet på utanlandske gjester minke. Den sterkt reduserte kapasiteten på turisthyttene vil truleg medføre auka press på attraktive område for telting. Vi må også rekne med at mange uerfarne teltfolk vil dra til fjells i år, og ikkje alle har like gode rutinar og forståing for sporlaus ferdsel.

Det er derfor positivt at Miljødirektoratet set fokus på problemet med auka ferdsel og fare for forsøpling, men for Jotunheimen er det vanskeleg å prioritere ressursar frå eitt område til eit anna. Jotunheimen er blant dei mest besøkte nasjonalparkane, og vi har innfallsportar med reiselivsbedrifter rundt heile verneområdet. Trafikkauken vil truleg i stor grad følgje det T-merka rutenettet, og med mindre kapasitet på turisthyttene vil nok fleire velja telting på eige hand. Det er vanskeleg å si at problemet vil vera avgrensa til enkelte område, men ein må rekne med at Gjendeområdet, som har størst besøkstal, vil vera særleg utsett. Vidare vil knutepunkt på T-løypenettet, som Olavsbu og Skogadalsbøen, kanskje få opphoping av teltarar dersom dei fleste følgjer dei vanlege dagsmarsjane mellom turisthyttene.

Det vil derfor vera naturleg å prioritere oppsyn mot desse områda, men for nasjonalparkar som t.d. Jotunheimen, Rondane og Dovrefjell bør det i tillegg setjast av ekstra ressursar til oppsyn, og ikkje berre omprioritering. Dette fordi desse nasjonalparkane er godt kjende og har godt opparbeidde nett av merka turløyper som vil opplevast som eit trygt val for nye gjester som ikkje har erfaring med fotturar og telting frå før.

Det er bra at mange vil feriere i Norge, og det er viktig at ein ikkje skremmer folk frå å feriere i eige land. Strategien må i første rekke vera informasjon om ferdelsvett, for å kunne takle auka besøk når infrastrukturen for å ta imot er sterkt avgrensa. Forsterka oppsyn i særleg trafikkerte område bør følgjast opp med ekstra ressursar til dei mest besøkte verneområda.

Arkivsaksnummer: 2020/5699-2 | Saksbehandlar: Kari Sveen | Dato: 20.05.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	20/2020	25.05.2020

## Endring av forskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Høring

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen støttar framlagt forslag til endringar i forskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen LVO. Forskriftsendringane medfører at det blir opna for bruk av el-sykkel på vegen til Glitterheim innan Jotunheimen nasjonalpark og heile anleggsvegen i Koldedalen i Utladalen LVO i perioden 15.juni - 15.oktober.

Dersom erfaringane etter eit par år er gode, bør det kunne vurderast el-sykkel på andre vegar innan verneområda på eit seinare tidspunkt.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

1. Høyringsbrev av 11.05.20 fra Fylkesmannen i Innlandet.
2. Forskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen LVO, sist reviderte 14.11.14.
3. Innspel frå Nasjonalparkstyret angåande bruk av el-sykkel– sak 37/2019
4. Innspel angåande sesong for el-sykkel frå AU/Nasjonalparkstyret – sak AU- 4/2020

### Saksopplysningar

Fylkesmannen i Innlandet har på oppdrag frå Miljødirektoratet i 2019 vurdert forskriftsendringar for bruk av el-sykkel på veg i enkelte verneområde, blant anna i Jotunheimen. Fylkesmannen sende tilråding til Miljødirektoratet den 11.12.2019, der dei tilrådde å opne for bruk av el-sykkel på Glitterheimsvegen og Koldedalsvegen i Jotunheimen / Utladalen. Dei to aktuelle strekningane som nå blir foreslått endra, er tenkt å fungere som forsøksområde for å hauste erfaringar med bruk av el-sykkel i nasjonalpark/verneområde.

I grunngjeving for forslaga skriv Fylkesmannen i Innlandet m.a. følgjande:  
«Jotunheimen har villrein i Vest-Jotunheimen, men ikke langs Glitterheimsvegen. Fra nasjonalparksgrensa og inn til Glitterheim er det ca. 7 km, og det er betydelig sykling her i dag. Fylkesmannen mener at dette vil være en egnet vegstrekning for å høste erfaringer med blanda trafikk av el-syklistar og fotturister, før en åpner for el-sykling på andre vegstrekninger. På anleggsveien i Koldedalen er det lov å benytte el-sykkel inn til grensa for Utladalen landskapsvernområde der grensa krysser Koldedalsvatnet. Det gjenstår da mellom 1 og 1,5 km av anleggsvegen inn til nordenden av Koldedalsvatnet der Hydro har en anleggshytte. Å åpne for elsing på denne siste delen av vegen vil trolig være lite konfliktfylt i forhold til verneverdier og gående.»

Miljødirektoratet støttar i hovudsak tilrådingane frå Fylkesmannens , og meiner det er riktig å bruke føre- var-prinsippet når utfallet av regelverksendringane er usikkert. Det er ønskjeleg å auke kunnskapen om effektane av el-sykkel på ferdelsmønsteret før ein eventuelt opnar opp i andre verneområde med villrein.

Det blir foreslått følgjande endringar:


- **Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark, Lom, Vågå, Vang, Luster og Årdal kommunar, Oppland og Sogn og Fjordane (14.11.2014)**  
<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2014-11-14-1398>  
*Nytt tillegg, §6.2.m):*  
Bruk av elektrisk sykkel på Glitterheimsvegen i berrmarksesongen frå og med 15. juni til og med 15.oktober.
- **Forskrift om Utladalen landskapsvernområde, Luster og Årdal kommunar, Sogn og Fjordane (14.11.2014)** <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2014-11-14-1399>  
*Nytt tillegg, §6.2.l):*  
Bruk av elektrisk sykkel på vegen i Koldedalen i berrmarksesongen frå og med 15. juni til og med 15.oktober.

Høyringsfrist er 12.juni. Høyringsdokumenta er tilgjengelege på Fylkesmannen si nettside:  
<https://fylkesmannen.no/in> under *Høringer*.

## Vurdering

Bruk av el-sykkel på dei aktuelle vegstrekningane blir ikkje vurdert som konfliktfylt i høve til verneverdiane. Det vil ikkje skilje seg frå bruk av vanleg sykkel, når ein følgjer opparbeidd veg/anleggsveg på berrmark. El-sykkel kan vera eit alternativ der det ikkje er tilgjengeleg offentleg kommunikasjon, og har vore særleg etterlyst på vegstrekninga inn mot Glitterheim.

Privatbil er einaste transportmoglegheit for å koma inn til nasjonalparkgrensa, og enkelte har ønskt å nytte eit tilbod om leige av el-sykkel frå Randsverk, der det er ordinære bussruter. Så lenge el-sykkelen må parkerast på nasjonalparkgrensa, har det ikkje vorte noko reelt tilbod for folk utan tilgang på privatbil. Det er ganske langt frå Randsverk til Glitterheim med vanleg sykkel. Kartutsnittet under viser strekninga omfatta av endringsforslaget, markert med blått:



Vegen innover Koldedalen er tilgjengeleg for motorferdsel heilt fram til bommen som er plassert på verneområdegrensa, litt over 1 km frå enden av vegen. Endringsforslaget vil truleg medføre lita eller inga endring i trafikkmønster. Det er ikkje så stor trafikk av syklistar på strekninga generelt, og ein ser ikkje spesielle ulemper med å kunne nytte el-sykkel på heile vegstrekninga. Strekninga omfatta av endringsforslaget, er markert med blått på kartet:



Biletet under viser siste bit av vegen inn til enden av Koldedalsvatnet.



Spørsmålet om sesongavgrensning har vore diskutert undervegs i prosessen. Ein kom fram til at bruken bør vera naturleg avgrensa til berrmarkssesongen, når vegane er farbare med vanleg tråsykkel. Det bør ikkje opnast for å nytte el-sykkel eller liknande farkostar som kan køyrast på snø, heller ikkje om det følgjer vegtraseen. Dette kan opne for uønskt trafikk inn i urørte område på ei tid av året da dyre- og fuglelivet er sårbare overfor forstyrringar.

Sesongstart 15. juni tek omsyn til når vegane tidlegast er farbare etter vinteren, og sesongslutt 15. oktober tek omsyn til at ein får med haustferien og følgjer sesongslutt på sjølvbetjening ved Glitterheim. Det kan koma snø før den tid, så det må følgjast opp med informasjon om at vegane ikkje nødvendigvis er snøfrie eller brøyta heile perioden.

Det vil også vera nyttig/nødvendig med skilting, som forklarer at ferdsel med el-sykkel inn i verneområda skjer på eige ansvar, og at det ikkje er lademoglegheiter i enden av vegen.

Dersom erfaringane etter eit par år er gode, bør det kunne vurderast el-sykkel på andre vegar innan verneområda på eit seinare tidspunkt.